

D O A
D G

Design
og arkitektur
Norge



NORDIC
EDGE

Konkurransesgrunnlag - Open anbodskonkurranse for gjennomføring av ein behovsdriven innovasjonsprosess i Vanylven kommune på utfordringen:

Korleis skape attraktive og livskraftige vannvegsstasjonar langs skipsleia til Stad skipstunnel?




Foto: Kystverket/Snøhetta/Plomp



1 Om Gnist-programmet

Gnist er eit behovsdrivne innovasjonsprogram initiert av DOGA og Nordic Edge. Programmet gir kommunar kompetanse, metodar og verktøy til å jobbe på nye måtar med stads- og næringsutvikling, ta tak i konkrete utfordringar og snu dei til moglegheiter og nyskaping. Hovudmålgruppa er distriktskommunar.

Vanylven kommune er 1 av 11 kommunar frå heile landet som er valde ut til å delta i årets runde av Gnist, basert på kriterium som engasjement, overføringsverdi og innovasjonspotensial, i tillegg til politisk og administrativ forankring av deltakinga.

Gnist-programmet skal komplettere, forsterke og realisere eksisterande initiativ og planar i kommunane, men også bidra til å setje i verk nye utviklingsprosjekt. Ein sentral del av Gnist-programmet er òg kunnskaps- og erfaringsutveksling innanfor innovativ stads- og næringsutvikling på tvers av kommunar og regionar.

Fylkeskommunane er sentrale støttespelarar, saman med Distriktssenteret, Husbanken, Nasjonalt program for leverandørutvikling (LUP), KS, Næringshagene i Norge, Innovasjon Norge og Riksantikvaren.

Den overordna målsetjinga med Gnist-programmet er å bidra til meir attraktive og inkluderande lokalsamfunn og dessutan auka verdiskaping og nye arbeidsplassar i heile Noreg.

2 Om anbodskonkurransen

Denne opne anbodskonkurransen blir arrangert av Vanylven kommune i samarbeid med Design og arkitektur Noreg (DOGA) og Nordic Edge. Formålet er å kople på relevant kompetanse for å gjennomføre ein behovsdriven innovasjonsprosess i tett samarbeid med kommunen, innbyggjarar, lokalt næringsliv og andre relevante aktørar.

Gjennom innovasjonsprosessen skal den valde leverandøren kartleggje behov og moglegheiter og basert på denne innsikta utvikle nyskapande idear/konsept som kan bidra til å løyse ei viktig utfordring i kommunen.

Både små og store aktørar kan sende inn tilbod på korleis ein vil angripe utfordringa som er beskriven nedanfor, på ein måte som fremjar samhandling og nytenking, med utgangspunkt i lokale fortrinn og ressursar.

Det er ønskjeleg at leverandøren tilbyr ei tverrfagleg tilnærming. Kompetanse innanfor design, arkitektur og/eller stadsutvikling er eit krav. I tillegg er det ønskjeleg med annan kompetanse som blir vurdert som relevant for å angripe utfordringa på best mogleg måte.

Innovasjonsprosessen skal gjennomførast i løpet av perioden veke 19–39. I etterkant inviterer kommunen den valde leverandøren til dialog med tanke på mogleg vidareutvikling og realisering av utarbeidde idear/konsept i samarbeid med relevante støttespelarar regionalt og nasjonalt.



2.1 Regelverk

Konkurransen gjennomføres i høve til lov om offentlige anskaffingar av 17. juni 2016 nr. 73 (LOA) med tilhørende forskrift av 12. august 2016 nr. 974 (FOA), samt dei føresegner som går fram av dette konkurransegrunnlaget.

Konkurransen gjennomføres som open tilbods konkurranse etter forskriftas del I.

Ved denne prosedyreforma kan tilbydarane som vil levere tilbod.

Oppdragsgivar planleggjar å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å føreta eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottekne, vurderer det som føremålstenleg. Viss oppdragsgivar vel å forhandle, vil ein velge ut etter ei vurdering av tildelingskriteriane som er oppgitt i punkt 2/punkt 1.4.1, med den vektinga som er gitt der. Det presiserast likevel at ingen leverandørar kan forvente dialog om sitt tilbod og derfor må levere sitt beste tilbod innanfor tilbodsfristen.

2.2 Kontrakt

SSA-O vil bli nytta for denne anskaffinga.

3 Om utfordringa

3.1 Utfordringsbeskriving

Vanylven kommune og regionen rundt skal handtere den komplekse utbygginga av Stad skipstunnel, samstundes som vi slit med nedgang i folketal. Gjennom Gnist-programmet vil vi utforske korleis vi kan utnytte synergiane frå tunnelinvesteringa for å fremje lokal skaparkraft, og gjere kommunen og regionen meir attraktiv for både innbyggjarar, næringsliv og besøkande.



3.2 Målsetjingar

Hovudmål

Korleis sikre at båtane ikkje berre passerer gjennom tunnelen, men bidreg til verdiskaping og god stadutvikling lokalt? Korleis kan vi fremje stoppeffekt langs heile kystleia, med eit særleg fokus på Åheim som område?

Delmål

- Skape ein felles lokal utviklingskultur som kan vere med å realisere næring- og stadutvikling i Vanylven kommune og regionen rundt.
- Bidra til å skape større bustads- og næringsattraktivitet i Vanylven kommune og regionen rundt.
- Skape nye og løfte fram eksisterande besøk og opplevingsverdiar i kommunen og regionen rundt.
- Byggje opp under kulturarv og framtidig bærekraft (knytning mellom det som var og det som skal bli)
- Gjere Vanylven kommune og regionen rundt mest mogleg attraktiv for framtida.

Målgrupper

Målgruppe	Kva effekt vil vi oppnå
Innbyggjarar	Stimulere til auka aktivitet knytt til næring og stadutvikling. Felles identitet og auka samhald mellom innbyggjarane i kommunen. Vi ser på innbyggjarane våre som ein ressurs som må involverast i prosjektet/prosessen.
Næringsliv	Auka aktivitet, leggje til rette for utviklingskultur, aktive medspelarar til å utvikle Vanylven kommune og regionen rundt skipstunnelen framover, sikre nye etableringar, støtte opp under allereie eksisterande verksemdar.
Turistar/besøkande	Gode opplevingar, tilrettelagde løysingar, merkevare, attraktivitet, bidragsytarar til eit auka positivt omdøme for kommunen og regionen rundt skipstunnelen
Tilflyttarar	Attraktivt å flytte til Vanylven kommune og regionen rundt tunnelen. Sikre gode tenester, mykje positiv aktivitet, moglegheiter for nyetablering, landlege verdiar, gode arbeidsmoglegheiter.

3.3 Om prosjektet

Vanylven kommune er ei lita kommune på søre Sunnmøre i Møre og Romsdal. Som mange andre utkantkommunar er den største utfordringa til kommunen knytt mot nedgang i folketalet og demografi. Folketalet har over tid gått nedover og i 2021 er vi 3045 innbyggjarar i kommunen. Det har vore prøvd



ulike satsingar og tiltak i kommunen tidlegare, men det har vore vanskeleg å kunne dokumentere noko konkret effekt i positiv retning av desse tiltaka.

Vi har no etter å ha vore primus motor for å realisere Stad skipstunnel i mange tiår (frå 1987) kome i ein situasjon der tunnelen skal realiserast. Kommunane som ligg nærast tunnelen er Vanylven, Stad og Kinn. Desse tre kommunane er no i ein heilt spesiell posisjon til å skape noko framtidsretta og nytt knytt til utbygginga av Stad skipstunnel. Som verdas første skipstunnel vil dette ikkje berre vere eit samferdselsprosjekt, men også ein attraksjon i seg sjølv. Vi ynskjer difor også å nytte denne moglegheita til å løfte heile regionen.

Vi ser for oss eit prosjekt der vi nyttar Vanylven kommune som ein pilot/modellering knytt til korleis vi kan fremje lokal verdiskaping og stadutvikling langs skipsleia til tunnelen. Kommunane Stad og Kinn vil vere tette samarbeidspartar og verte invitert inn både på det arbeidet som pilotkommunen gjer og det arbeid som skjer saman med ekstern leverandør.

Vi ynskjer med Vanylven kommune som pilot å sjå på korleis vi gjennom Gnist-programmet kan nytte synergiane av Stad skipstunnel for å få skape langsiktig verdiskaping i regionen rundt skipstunnelen. Altså korleis sikrar vi at båtane ikkje berre passerer gjennom tunnelen, men bidreg til verdiskaping og god stadutvikling lokalt?

Vanylven kommune har prosjektleiaransvaret for dette prosjektet/piloten, men begge dei andre kommunane deltek som samarbeidspartnarar for å sikre konsepter som kan realiserast i heile regionen.

4 Leveransar og kriterium

4.1 Leveransar

- Skriftleg oppdragsforståing inkludert
 - metode og tilnærming for å angripe utfordringa
 - beskriving av teamet, inkludert grunngeving for kompetansesamansetjing
 - førebelse vurderingar av sluttleveranse (idear/konsept)

(Sluttleveransen er open, men det er likevel relevant å få nokre overordna tankar knytte til ambisjonsnivå og moglege forventningar til endeleg resultat – gjerne også forslag til aktivitetar som vil kunne fremje vidare utvikling/realisering av utarbeidde idear/konsept.)

- Vedlegg: CV og relevante referanseprosjekt

Total leveranse: maks 3.000 ord + bilde/skisser/illustrasjonar og vedlegg som beskrive

Leveringsfrist: 11.04.2022 kl. 23.59 CET

Tilbod leverast til prosjektleiar Frode Vik i Vanylven kommune.

Leveringsadresse: frode.vik@vanylven.kommune.no (emnefeltet merkast med «Gnist 2022»)




4.2 Vurderingskriterium

- **Tilnærming til utfordring.** Leverandøren må vise god forståing for oppgåva, og beskrive korleis ein vil angripe utfordringa (prosess og metode), for å utforske og utvikle nyskapande idear/konsept basert på moglegheiter og behov. (30 %)
- **Samansetjing av kompetanse.** Det er ønskjeleg med ein tverrfagleg tilnærming, og fleire aktørar kan samarbeide om å sende inn tilbud. Kompetanse innanfor design, arkitektur og/eller stadsutvikling er eit krav, i tillegg til annan eventuell kompetanse som blir vurdert som relevant for å løyse utfordringa på best mogleg måte. (30 %)
- **Gjennomføring og framdriftsplan.** Tilbodet skal vere ambisiøst, men likevel realistisk med omsyn til tidsplan, framdrift og finansiering. (20 %)
- **Lokal verdiskaping.** Tilbodet skal demonstrere korleis ein vil fremje utviklinga av eit meir attraktivt og mangfaldig lokalsamfunn, og bidra til innovativ nærings- og stadsutvikling med utgangspunkt i lokale fortrinn og ressursar. (20 %)

I tillegg er det ønskjeleg at ein i tilbodet

- Beskriv korleis ein gjennom innovasjonsprosessen fremjar samhandling mellom leverandør og kommune, innbyggjarar, lokalt næringsliv og andre relevante aktørar
- Reflekterer rundt potensialet for innovasjon og nytenking, og korleis innovasjonsprosessen vil kunne vidareførast lokalt
- Illustrerer korleis innovasjonsprosessen vil kunne bidra til å oppnå utvalde av FNs berekraftsmål
- Tar omsyn til den førehandsdefinerte tidsplanen for Gnist-programmet, og legg til rette for at planlagde fellessamlingar i juni og september med alle Gnist-kommunane kan gi innspel til innovasjonsprosessen (sjå nedanfor)





4.3 Prosess og framdrift

Blant dei innsende tilboda vel kommunen, i samråd med DOGA, Nordic Edge, Distriktssenteret og fylkeskommunen, ut éin leverandør som får tildelt oppdraget basert på førehandsbestemte vurderingskriterium.

Leverandøren blir invitert til å delta i eit digitalt ein-til-ein-møte i forkant av oppstarten på innovasjonsprosessen.

Innovasjonsprosessen skal gjennomførast i perioden veke 19–39, og i tett samarbeid med kommunen. Kommunen bidrar med å engasjere innbyggjarar, lokalt næringsliv, kompetansemiljø, fylkeskommunen og andre relevante aktørar i prosessen.

Veke 17–18: val av leverandør og ein-til-ein-møte

Veke 19–39: gjennomføring av innovasjonsprosess

Veke 40–41: sluttleveranse

Digitalt informasjonsmøte for interesserte aktørar

Tid: 23.03.2022 kl. 10.00–12.00

Stad: digitalt møte i Zoom

I samarbeid med DOGA og Nordic Edge inviterer Vanylven kommune til eit ope og digitalt informasjonsmøte for alle potensielle leverandørar som vil bli betre kjende med kommunen og utfordringa til kommunen.

Påmelding til informasjonsmøte: <https://doga.no/kalender/kan-du-lose-Gnist-kommunenes-utfordringer/>

4.4 Honorar og rettar

Leverandøren som får tildelt oppdraget, får eit honorar på kr 300 000 inkl. mva. Midlane skal nyttast til gjennomføring av ein designdriven innovasjonsprosess i samarbeid med kommunen, innbyggjarar, lokalt næringsliv og andre relevante aktørar for å utforske moglegheiter og behov og utvikle nyskapande idear/konsept med utgangspunkt i lokale fortrinn og ressursar.

Av desse midlane er kr 200 000 finansierte av kommunen og fylkeskommunen og kr 100 000 av DOGA. Halve beløpet blir utbetalt før oppstart i uke 19, og resterende beløp etter sluttlevering i uke 41.

Valgt leverandør kan også søkje om reisestøtte frå DOGA på opptil kr 10 000 til fysisk gjennomføring av lokale aktivitetar i innovasjonsprosessen.

Etter gjennomført innovasjonsprosess inviterer kommunen leverandøren til dialog med tanke på mogleg vidareutvikling og realisering av utarbeidde idear/konsept i samarbeid med relevante støttespelarar regionalt og nasjonalt.



Leverandøren får i tillegg høve til å

- utforske nye samarbeidsmodellar, partnerskap og marknader
- arbeide med komplekse problemstillingar som krev tverrfaglege løysingar
- inngå dialog med kommunen i ein tidleg fase
- gå i front for innovativ stads- og næringsutvikling
- vere synleg og få omtale nasjonalt og internasjonalt

Valgt leverandør aksepterer at arrangørane kan bruke innlevert materiale, inkludert også i digitalt format, til intern og ekstern kommunikasjon om Gnist-programmet; både før, under og etter gjennomfør innovasjonsprosess.

5 Om kommunen

5.1 Generelt

Vanylven er ein kommune på Søre Sunnmøre i Møre og Romsdal. Den grenser i nord til Sande og Herøy, i aust mot Volda, i sør og vest mot Stad. Kommunen strekk seg over eit område på ca. 385 km² og har eit folketal på litt over 3000 innbyggjarar.

Kommunen er framoverlent og positive til å få til nye og spennande ting. Det er utbygd fiber til alle heimar i kommunen og vi har låg arbeidsgjevaravgift, ingen eigedomsskatt samt mykje areal som kan brukast til næring. Vi er kjende for forfattarar, Olivin og gode tenester til barn og unge.

5.2 Ressursar

Prosjektet vil forankrast i staben til kommunedirektøren og teknisk sektor (med fokus på stad- og næringsutvikling). Det vert dedikert prosjektleiarressurs i tillegg til at alle sektorane vil bidra inn i prosjektet. Spesielt ser vi for oss at kultur, folkehelse, berekraft og arealplanleggar vil kunne bidra inn i prosjektet.

Kommunen vil dedikere ressursar til prosjektleiing, prosjektmedarbeidar og vil prioritere arbeidet med prosjektet høgt internt i eigen organisasjon. Vi er også budde på å løyve midlar for å kunne realisere utarbeide konsept.

Samarbeidskommunane vil dedikere eigne ressursar til å følgje piloten/prosjektet med Vanylven kommune.

5.3 Premissar

Prosjektet er forankra politisk, administrativt gjennom budsjettvedtak og samfunnsdel. Det har også gjennom heile 2021 vore mykje involverande aktivitet knytt til arbeidet med den nye samfunnsdelen som skal vare fram til 2040.



Her er fokuset knytt opp mot tre hovudfokus som gjerne har arkitektur, historieforteljing og visualisering som utgangspunkt.

1. Berekraftig løysing med eit nøytralt klimaavtrykk og at løysinga kan vere med å bidra til ein reduksjon i klimaavtrykket. Samtidig som løysinga må kunne vere aktivitetsskapande.
2. Løysinga som må vere med på å fremje medborgarskap. Spesielt tenkjer vi då på å innovative løysingar som stimulerer til samskaping mellom næring, innbyggjarar, frivillige og besøkande. Kan vere ting som også kan dukke opp og forsvinne igjen (pop-up).
3. Løysinga må vere med på å fremje livsmeistring. Med dette tenkjer vi t.d. læringsarena knytt mot for eksempel kulturarv og identitet. Gjerne gjennom bruk av løysingar som kan nyttast knytt mot naturstiar, gang og sykkelveg og liknande.

Desse tre berebjelkane som er gjennomgåande i den nye samfunnsdelen og vil også vere hovudforankringa i satsinga vår.

5.4 Annan relevant informasjon

Stad kommune er med som følgjekommune i prosjektet og Kinn kommune er med som samarbeidskommune.

Vanylven utvikling AS som er eit næringsorgan i Vanylven med mål om å bidra til utvikling av eit robust næringsliv. Næringslivet vil vere ein aktiv deltakande part i prosjektet på lik linje som innbyggjarane i kommunen vil vere det.

Vanylven, Kinn og Stad kommune er med i eit større regionalt prosjekt knytt til Stad skipstunnel som ikkje har kome i gang enda, men som skal vare fram til 2025. Her tenkjer vi at utgangen av Gnist prosjektet kan vere inngangen til dette større prosjektet. Kanskje også vere med på å inspirere og peike retning i det større interkommunale prosjektet mellom kommunane.

Berre til orientering så viser vi til at dette større prosjektet har fokus på:

- *Bidra til grøn transport gjennom utvikling av framtidsretta hamner.*
- *Tilretteleggje for gode ferdselsårer, utvikling av grønt areal og infrastruktur for opplevingsturisme. Saman med destinasjonsselskapa fremje Stad skipstunnel som del av ei kundereise i internasjonal og nasjonal marknadsføring.*
- *Identifisere næringsareal og behov for infrastruktur der ein kan nytte masse frå Stad skipstunnel til samfunnsutvikling. Planlegge og tilretteleggje for god landskapsforvaltning, infrastruktur og område for bustader og fritidsbustader. Kartleggje moglegheiter for å utvikle reiselivsprodukt basert på lokal identitet og historie, som for eksempel pilegrim og kloster (kystpilegrimsleia, St. Sunniva, St. Jetmund, krigshistorie, kysthistorie og bergverksdrift (olivin)).*



6 Sluttleveranse

Etter gjennomført innovasjonsprosess skal leverandøren levere eit notat som oppsummerer prosessen og resultatet på ein lettfattelig måte, inkludert illustrasjonar, bilde, sitat eller tilsvarande.

Notatet skal leverast seinast i veke 41, med følgjande innhald:

- kortfatta beskriving av utfordringa som skulle løysast
- kortfatta beskriving av gjennomført prosess
- kortfatta beskriving av idear/konsept, og korleis desse forbetrar utfordringa
- kortfatta beskriving av neste moglege steg mot vidareutvikling/realisering av idear/konsept

7 Moglegheiter for vidare oppdrag

Kommunen har eit reelt ønske om å utvikle og implementere gode, nyskapande løysingar på utfordringa som er beskriven i konkurransegrunnlaget. Etter gjennomført innovasjonsprosess inviterer kommunen derfor den valde leverandøren til dialog med tanke på mogleg vidareutvikling og realisering av utarbeidde idear/konsept i samarbeid med relevante støttespelarar regionalt og nasjonalt.

Overføringsverdi til andre kommunar med liknande utfordringar er eit viktig aspekt i Gnist-programmet, og DOGA, Nordic Edge og andre støttespelarar vil bidra til å kommunisere resultat og erfaringar frå prosessen både nasjonalt og internasjonalt.

Kommunen held på retten til å ikkje gå vidare med realisering av idear/konsept.

8 Vedlegg

- [Aldersvenleg lokalsamfunn \(2020\) - av Husbanken og Høgskulen i Volda\(PDF, 2 MB\)](#)
- [FNs berekraftsmål 11 \(2021\) av Møre og Romsdal fylkeskommune og Vanylven kommune\(PDF, 2 MB\)](#)
- [Folkehelseoversikt \(2021\) - av Vanylven kommune\(PDF, 8 MB\)](#)
- [Innbyggjarundersøkinga \(2021\) - av Vanylven kommune\(PDF, 986 kB\)](#)
- [Klimarekneskap \(2021\) - av Asplan Viak\(PDF, 2 MB\)](#)
- [Kommunebarometeret 2021 - av Kommunal Rapport\(PDF, 2 MB\)](#)
- [Kommunekompasset \(2018\) - av KS\(PDF, 2 MB\)](#)
- [Regional analyse \(2021\)- av Telemarksforsking\(PDF, 6 MB\)](#)
- [Ressursanalyse \(2017\) - Telemarksforsking\(PDF, 5 MB\)](#)
- [Tillitsmåling \(2021\) - av Telemarksforsking\(PDF, 1021 kB\)](#)
- [Trend.analyse \(2018\) av Zync og KS\(PDF, 3 MB\)](#)